

Lindås kommune
v/ordfører Astrid Aarhus Byrknes
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø

KOPI

19.02.2015

**BYGDEBOK FOR ALVERSUND:
SØKNAD OM FINANSIERING**

Arbeidsgruppa for *Bygdebok for Alversund* søker med dette om at Lindås kommune løyver kr. 2 700 000 fordelt frå 4. kvartal 2015 til og med 3. kvartal 2018 til skriving og redigering av bygdebok (gards- og busetjingshistorie) for Alversund, og om kr. 800.000 som forskot til prentekostnader.

Budsjett kostnader

Aktivitet	Omfang	Kostnad
Innsamling av oppdateringar/opprettingar og nyare persondata	Ca. 1,0 årsverk à kr. 400.000	400.000
Innsamling av foto/redigering	Ca. 0,5 årsverk à kr. 500.000	250.000
Løn til redaktør inkl. sosiale utgifter	Ca. 3,0 årsverk à kr. 900.000	2.700.000
Trykking	Ca. 2000 eksemplar	800.000
Sum kostnader		4.150.000

Budsjett finansiering

Storparten av dei to første postane vil verta utført av lokale deltakarar og vert bygda sin dugnadsinnsats. Over dei første 2-5 åra etter at boka er ferdig, reknar me med at salet av bøker vil kunna finansiera trykkekostnaden.

Tilbake står då i hovudsak kostnadene til redaktør.

Arbeidsgruppa søker difor om at Lindås kommune ber kostnadene med innleige av bygdebokforfattar på prosjektbasis i 3 år med kr. 2.700.000 og bidrar med kr. 800.000 til mellomfinansiering av trykkekostnader. Det vil og vera ønskjeleg at kommunen tar arbeidsgivaransvaret for denne prosjektstillinga, slik at dette skjer i trygge former.

Bakgrunn:

Me viser til orientering om prosjektet i møte med ordføraren den 12. november 2014.

Alversund er no den einaste av sokna i Lindås kommune som ikkje har bygdebok for perioden etter 1814. I Hjelmtveit *Alenfit I* er soknet dekkja fram til 1814.

For tida etter 1814 ligg det føre tre utkast til manus for Alversund sokn:

- Uferdig utkast til manus frå Nils Hodnesdal m.fl., 1814 – ca. 1975.
- Hermann Kahrs Sellevold gjorde eit stort arbeid med eit svært breitt grunnlag for bygdebok fram til om lag 1970. Dette arbeidet er uredigert og heller ikkje ferdigstilt, men ordna og trykt opp om lag slik det låg føre då Sellevold gjekk bort i 1982.

- I seinare år har Ragnvald Seim på eige initiativ gjort eit stort innsamlingsarbeid på reine persondata fram til ca. 1990, som slik sett representerer det sist oppdaterte materialet.

Fondsstyret for bygdebok for Alenfit skipreide saman med Inge Alver, som representant for Hermann Kahrs Sellevoll og Ragnvald Seim sitt materiale, har hausten 2014 gjort ei vurdering av desse tre kjeldene og konkludert med at dei til saman utgjer eit breitt grunnlag for utarbeiding av bygdebok, i alle fall for tida fram til om lag 1970. Utgangspunktet og føresetnadene for å laga denne bygdeboka er såleis lagt.

Gruppa har no organisert seg som ei arbeidsgruppe for arbeidet.


Ut frå samanlikning med tilsvarende bygdebøker og det at Alversund er ei av dei mest komplekse bygdene i regionen med stor ut- og innflytting og eit mangfeldt næringsliv i tidlegare tider, så reknar me med heller høge kostnader både for datainnsamling og redaktørarbeid.

Arbeidsgruppa har kontakt med aktuell redaktør for bygdebokarbeidet slik at framdriftsplanen kan haldast dersom Lindås kommune ser det mogeleg å støtta søknaden.


Vedlagt følgjer ein framdriftplan for arbeidet med bygdebok for Alversund.

Med helsing

Arbeidsgruppa for bygdebok for Alversund


Inge A. Alver


Lars Kvamme


Jostein Mykletun


Kåre Jordal

Plan for arbeidet med bygdebok for Alversund, 1814 - 2014

Mål

Utarbeida bygdebok for Alversund sokn for tida 1814 og fram til 2014.

Organisering

- Styringsgruppe på 3-5 personar.
- Redaktør
- Frivillige medarbeidarar som kan henta inn opplysningar frå dei ulike gardane og bruka.
- Andre tilknytte med kompetanse på enskildtema.

Arbeidsoppgåver

- Avklara finansiering av arbeidet.
- Tilsetja redaktør for arbeidet – bør ha god kjennskap til slikt arbeid og kjenna distriktet godt.
- Konstituering av prosjektet
- Laga eit sams grunnlag frå dei 3 datakjeldene som ligg føre og gjera naudsynt tilleggsinnsamling.
- Avklara kor omfattande boka skal vera i høve fritidsbustader, leigetakarar, leigefolk m.m.
- Innhenta persondata frå tida etter 1970 (1950). Dette vert svært omfattande med den store utbygginga som har kome i Alversund i denne perioden. Innsamling av foto frå gamal og nyare tid.
- Oppdatera historia om det omfattande næringslivet som var her i tillegg til jordbruket.

Framdrift

- | | | |
|--|------------|------|
| • Avklara finansiering | 1. halvår | 2015 |
| • Konstituering | 1. halvår | 2015 |
| • Tilsetja redaktør | 3. kvartal | 2015 |
| • Starta innsamling og oppdateringar | 3. kvartal | 2015 |
| • Framhald innsamling, kontroll og oppdatering fram til | 3. kvartal | 2017 |
| • Ferdiggjering av materialet, kontroll, trykking fram til | 3. kvartal | 2018 |

Ein meir detaljert framdriftsplan vil bli utarbeidd når redaktør er på plass.

Arbeidsgruppa, februar 2015